



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 8, 23. februar 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Nærnett og andre øvingsmedia er tilbake

Denne veka starta studentane på Avdelingane på mediefag på att med den interne praksisen. Så no kan du etter kvart få siste nytt og reportasjar frå [Nærnett](#), [Radio Volda](#) og frå [Nærsynet](#).

[LES MEIR](#)



Her er vår nye studiedirektør: Gerd-Mette Vatne Drabløs

Ho har mangeårig erfaring som næringslivsleiar, har vore seksjonsleiar i Viken fylkeskommune og vunne VM i rafting. No har [Gerd-Mette Vatne Drabløs](#) tatt til i stillinga som studiedirektør ved Høgskulen i Volda.

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv



Rokken: Dobla tal på frivillige: Normal aktivitet frå mars

NRK Møre og Romsdal melder at Rokken har nesten dubla talet på frivillig. Rokken kan dermed drive som normalt frå mars. Talet på frivillige har auka frå ca. 80 til nesten 150, fotel dagleg leiar Åge Staurset til NRK.

Studentveka - programmet for resten av veka

Billetter til arrangementa på studentveka finn du på [Tikkio](#). Her er [programmet for heile studentveka](#):

Torsdag 23. februar: Extradagen - rebusløp Coop Extra - Årneset (for inviterte barnehagar)

Torsdag 23. februar: Kjærlighetspodden, Rokken

Fredag 24. februar: Ylvis, Rokken (utselt)

Laurdag 25. februar: Livleg laurdag for barn, Idrettsbygget

Laurdag 25. februar: Temafest på Rokken

Søndag 26. februar VSI Kanonballturnering, Idrettsbygget

PPU-utdanning i Kristiansund

Hausten 2023 startar Høgskulen i Volda opp praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) ved Høgskolesenteret i Kristiansund. Dei første søkarane har alt meldt seg. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Studentbarnehagen - også for barn av HVO-tilsette - søknadsfrist 1. mars

Det er søknadsfrist i studentbarnehagen 1. mars. Barn av studentar og tilsette ved Høgskulen har prioritet ved opptaket. [Les meir på nettsidene til Sivolda.](#)

Allmøte for alle tillitsvalde studentar - 9. mars

Studentombod Gøril Hillersøy vil vere blant innleiaren på allmøtet, med hovudtema studentrettar og eksamen. Det blir også servert varm mat. Studentparlamentet ønsker velkomen til alle tillitsvalde. [Les meir på nettsida vår.](#)

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Vegetarlasagne
Tysdag: Fiskegryte med heimelaga potetmos
Onsdag: Biffburrito med ris, guacemole og rømme
Torsdag: Potetball med tilbehør
Fredag: Tacobuffet

Fag og forskning

Fjordkonferansen 2023: Frist for innsending av abstrakt utsett til 15. mars

Fjordkonferansen 2023 blir arrangert i Loen 20.-21. juni og temaet i år er Samarbeid. Fristen for abstrakt har nettopp vorte utsett til 15. mars. [Les meir om konferansen på nettsidene.](#) Innlegg på Fjordkonferansen i 2023 skal vanlegvis utviklast vidare til kapittel i Fjordantologien (nivå 1) året etter, altså 2024. Fjordkonferansen vert arrangert i samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Høgskolen i Molde, NTNU i Ålesund, Høgskulen på Vestlandet og med Sparebanken Møre som støttespelar.

FoU-stipend for 2024: Søknadsfrist 23. mars

Forskningsleiar Henriette Hafsaas har invitert tilsette til å søke på FoU-stipend for året 2024, og søknadsfristen er 23. mars 2023. Det blir lyst ut inntil 10 FoU-stipend, kvar på kr 300.000, og retningslinene er som for tidlegare år. Det betyr blant anna at søkarar må avklare med næraste leiar praktiske sider ved frikjøpet. Avdelingane vil også kvalitetssikre søknadene før dei blir handsama i Forskningsutvalet 21. april. [Meir informasjon om ordninga, søknadsskjema og retningsliner for FoU-stipend.](#)



*Frå venstre: Andreas Brandsæter, Marit Ulvund og Siv M. Gamlem.
Foto: Lene Mo Flataker / Høgskulen i Volda.*

Tre søknader til Forskningsrådet

Tre forskingsmiljø på Høgskulen i Volda er med i søknader om forskingsmidlar frå Noregs Forskningsråd og sende søknader på utlysingar som hadde søknadsfrist i februar 2023. Velfortente blomar frå forskingsadministrasjonen ved Høgskulen i Volda til representantar for prosjekta.

[Andreas Brandsæter, AHL/Realfag](#)

Forskningsgruppa [Programmering for matematikkforståelse](#) har sendt ein søknad til Forskningsrådets utlysing «[Samarbeidsprosjekt for å møte utfordringer i samfunn og næringsliv](#)». Prosjektpartnerar er forskarar ved Høgskulen i Volda, Universitetet i Agder og NTNU; lærarar frå Ålesund kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Skaparhuset i Ulsteinvik. To doktorgradsstipendiatar er også tilknytt prosjektet.

I prosjektet skal det utviklast, testast og validerast undervisningsopplegg der programmering vert brukt for å støtte elevane si utvikling av matematiske kompetansar. Prosjektet vil blant anna fokusere på korleis bruk av programmering påverkar lærar-elev interaksjonar og korleis kompetanse og kunnskap om kunstig intelligens (AI) og maskinlæring kan og bør inkluderast i noverende og framtidige læreplanar. Prosjektet har som mål å styrke kompetansen blant lærarar regionalt og gjere tilgjengeleg undervisningsmateriell av høg kvalitet for alle lærarar nasjonalt.

Marit Ulvund, AKF/Seanse:

Senterleiar Marit Ulvund står som prosjektleiar for ein søknad med tittelen "#Youngart – Promoting Future Skills Through Student, Teacher, and Artist Collaboration", med kortnamnet #YOUNGART & FUTURE SKILLS. Søknaden har vorte sendt til Forskringsrådets utlysing "[Forskerprosjekt for fornyelse](#)". [Stipendiat Ingvild Rømo Grande](#), HVO/AKF, er også med i prosjektet og forskargruppa. Dagens elevar treng ein ny og framtidretta kreativ pedagogikk med aktivt elevengasjement, digital kompetanse og kreative undervisningsstrategiar. Dette forskingsprosjektet har følgande mål: 1) Metodar for FRAMTIDIG FERDIGHEITSLÆRING med vekt på kreativitet, samarbeid, kritisk tenking og kommunikasjon, for å sikre framtidsklare og aktive elevar i ungdomsskulen. 2) Effektive KUNSTPROGRAM som brukar estetiske læringsstrategiar basert på vellukka lærar/kunstnarpartnerskap. 3) INTERNASJONAL UTVEKSLING relatert til innovative undervisnings- og læringsmodellar for den moderne eleven, og lærarar og kunstnarar i samarbeid. Prosjektet vil inkludere nasjonale og internasjonale skular med elevar, lærarar, kunstnarar, kulturorganisasjonar og forskarar.


Professor Siv M. Gamlem, AHL/Pedagogikk:

Professor Siv M. Gamlem er leiar for forskingsgruppa [Læringsprosessar og vurderingshandlingar](#) som er ein samarbeidspart i forskingsprosjektet «Adapted Feedback for Active Student Learning» som er planlagt for tidsrommet 2024-2027. Prosjektleiar er Christian Brandmo (Universitetet i Oslo). Søknaden er sendt til Forskringsrådets utlysing "[Forskerprosjekt for fornyelse](#)", innanfor det tematiske området Utdanning og kompetanse. Prosjektet er utvikla av professor Christian Brandmo (UiO), professor Siv M. Gamlem (HVO), i tillegg til professor Therese Hopfenbeck og førsteamanuensis Joshua McGrane (University of Melbourne, Australia). I tillegg er fleire forskarar frå andre land involvert i ulike delar av prosjektet. Kunnskap og materiell som er planlagt utvikla i prosjektet vil kunne bidra til profesjonsutvikling hos lærarar og elevar i form av auka kompetanse om formativ vurdering, tilbakemeldingar og sjølvregulert læring.

Skal det vere ein gratis roman? Biblioteket gir vekk kasserte bøker

Biblioteket ryddar heile tida i hyllene og no har det vorte sett ut bøker som biblioteket har kassert - men som kan få ei ny bokhylle ein annan stad. Kanskje hos deg? Det er mest nordisk og litt tysk skjønnlitteratur som no framover er å finne i andre etasje i biblioteket. Først til mølla ...! Biblioteket ber pent om at alle sjekkar at bøkene har fått stempel om at boka er "Utgått or biblioteket", eller at strekkoden har vorte kryssa over. Feil kan skje, og bøker kan bli feilplasserte.

Rektorbloggen: Norskopplæring for internasjonale tilsette: Frå individuell prioritering til institusjonelt ansvar?



Patrick Ncube (1972). Foto: Ketil Jarl Halse.

Sør-Afrikanske Patrick Ncube var truleg den første internasjonale tilsette på DH-skulen, og var tilsett på Avdeling for mediefag i 1972. Han fekk neppe kurs i norsk, men kunne svensk. No i 2023 har høgskular og universitet fått pålegg om å syte for at internasjonale tilsette lærer seg norsk, men korleis? Og på kva nivå? Her er det mange uavklara spørsmål, men vi bør gå i retning vekk frå at norskopplæring handlar om individuelle interesser og heller blir eit institusjonelt ansvar. Spørsmåla - og kanskje nokre svar - kom fram i eit seminar på HVO 22. februar. [Les meir i rektorbloggen.](#)

Faglege arrangement - og fristar

Biblioteket: Lillebø held føredrag om Ernaux - 3. mars

Biblioteket held [lunsjarrangement fredag 3. mars kl. 12.00: "Ordene som steiner, skriften som kniv."](#) Forfattar, journalist og litteraturkritikar Sandra Lillebø held føredrag om den franske forfattaren Annie Ernaux, som fekk Nobelprisen i litteratur i 2022.

SEANSE: Inviterer til kunstnaropphald - søknadsfrist 1. mars

Seanse - senter for kunstproduksjon ved Høgskulen i Volda er einaste i landet som tilbyr kunstnaropphald for prosjekt innan alle kunstsjangrar. Både enkeltkunstnarar og grupper er velkomne til å søke. I år vert samlingane i veke 24, 25, 42 og 43. [Les meir på nettsidene våre.](#)



SEANSE: Inviterer til kunstnartreff 14. mars - Møt mannen bak maskorama-maskene - påmeldingsfrist 6. mars

Møre og Romsdal fylkeskommune og Seanse – senter for kunstproduksjon inviterer til kunstnartreff 14. mars. På kunstnartreffet vil deltakarane få møte designar Kjell Ingebretsen Nordstrøm - alias Baron von Bulldog og høyre hans tankar om kunstnarleg inspirasjon. Han har blant anna arbeid med Maskorama - og TV-serien Exit.

Fire kunstnarar som har fått Møre og Romsdals kunstnarstipend får presentere seg: Kunstnar og musikar Henrik Koppen. Filmskapar Jan Otto Ertesvåg. Elin Grimstad som driv med animasjon og litteratur. Og Ann Helen Kolås Ingebriktsen som er forfattar. Dei vil fortelje om sine prosjekt og dele sine erfaringar.

Seanse og fylket har ambisjonar å få til ein møteplass mellom kunstnarar på tvers av uttrykk som kan gi nye og spennande samarbeid, og å synleggjere kunstnarane og arbeidet dei gjer. Kunstnarar, studentar, kommunar og kunst- og kulturinstitusjonar og andre interesserte er velkomne til å delta på dette kveldsarrangementet.

[Meir informasjon om arrangementet finn du på nettsidene til Seanse.](#) Ligg også på Høgskulen sine nettsider.

Nytt kurs i høgskulepedagogikk: Formidling i høgare utdanning: Søknadsfrist 15. mars

Formålet med emnet er å gje deltakarane praktisk og teoretisk innsikt i arbeidet med kommunikasjons- og formidlingsteknikkar i ein didaktisk kontekst, både i det fysiske og det digitale klasserommet. Tilhøvet mellom teori og praksis, etiske problemstillingar og profesjonstilhøyrighet står sentralt. Deltakarene vil arbeide med mellom anna:

- Analyse av eiga undervisning knytt til kommunikasjonsmodellar,
- Praktiske og teoretiske øvingar knytt til ulike formidlingsteknikkar
- Mikrofon og kamerateknikk
- Dramaturgi som didaktisk verkemiddel

Studiet skal stimulere til kontinuerleg utvikling av faglærer sin pedagogiske kompetanse. Emnet kan også inngå i pedagogisk merittering. Emneansvarleg er [førstelektor Vibeke Preus](#), AKF. Den første samlinga blir arrangert 20.-21. april. [Les meir om emnet på nettsidene våre](#). Søknadsfristen er 15. mars 2023 - [søk om opptak på denne lenka](#).

Støtte til utvikling av engelskspråklege emne - søknadsfrist 15. mars

Internasjonalt utval har lyst ut midlar til oppretting eller utvikling av engelskspråklege emne, og søknadsfristen er 15. mars. Eit emne på 15 studiepoeng kan få inntil kr 75.000 i støtte. Internasjonalt utval handsamar søknader i møte 27. mars, og det er ein føresetnad at emnet er eller vert godkjent av Utdanningsutvalet. Prorektor Odd Helge Tonheim sende invitasjon til alle tilsette 3. februar, og der låg det også ved meir informasjon om utlysinga og krav til søknader. Søknader skal gå gjennom aktuell avdeling.

Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og [Læringsverkstaden](#) inviterer tilsette på HVO til å sende søknader om midlar til prosjekt. Prosjekta kan maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [Meir informasjon om utlysinga er i nyhende-brev frå Læringsverkstaden](#).

Styre og stell

Nytt ventilasjonsanlegg i Berte Kanutte-huset

I veke 11 til 13 vil Statsbygg oppgradere ventilasjonsanlegget i Berte Kanutte-huset, og dei tilsette som har kontor i 2. og 3. etasje må belage seg på tre veker utan normal ventilasjon og belage seg på opne vindauge når det trengst. Ventilasjonen i undervisnings- og møterom går som vanleg. Det blir heller ikkje støy eller arbeid på kontora fordi alt arbeidet skjer på tekniske rom i kjellaren då det er sjølve aggregatet som skal skiftast. Det kjem meir informasjon om dette seinare.

Studentsamskipnaden får framleis fritak frå eigedomsskatt

Kommunestyret i Volda har vedteke at Studentsamskipnaden i Volda framleis skal sleppe å betale eigedomsskatt. [Dette vart vedtatt i kommunestyremøtet 16. februar 2023 med 18 mot 8 røyster.](#)

Kultur-, nærings og folkehelseutvalet kjem til Høgskulen i Volda

Møre og Romsdal fylkeskommunes utval for Kultur-, næring og folkehelse har lagt sitt mars-møte til Høgskulen i Volda, og det skjer 14. mars. Same dagen - om ettermiddagen - blir det [kunstnartreff i samarbeid mellom HVO/Seanse og Møre og Romsdal fylkeskommune.](#)

Publisering og formidling

Guri Hjeltnes - Hans Fredrik Dahl - Bjørn Westlie
Terje Emberland - Kjetil Braut Simonsen - Rune Ottosen
Øystein Hetland - William Hamre - Carl Emil Vogt
Ingjerd Brakstad - Bjørn Sørenssen - Gunnar D. Hatlehol
Mette Langeid - Thomas Lewe - Bernt Hagtvet - Elsa Kvamme
Nina Grünfeld - Birgitte Kjos Fonn - Henrik G. Bastiansen
Carl Henrik Grøndahl - Tormod Kjensjord - Cecilia Aare



Å formidle det ufattelige Mediene og Holocaust

Mediehistorisk Tidsskrift nr. 1 2023

Årgang 20, nr. 39



Henrik G. Bastiansen og Carl Emil Vogt (red.)

Norsk Mediehistorisk Forening

www.medietidsskrift.no

Mediehistorisk tidsskrift: Spesialnummer om media og holocaust

Professor [Henrik G. Bastiansen](#) og førsteamanuensis [Thomas Lewe](#), begge AMF, er blant bidragsytarane i ei spesialutgåve av Mediehistorisk tidsskrift som har tittelen: "Å formidle det ufattelige. Mediene og Holocaust". For første gong blir det her gitt ein brei presentasjon av korleis Holocaust har vorte presentert og formidla i norske media: Aviser, tidsskrift, bøker, spelefilm, fjernsyn, dokumentarfilm og i dagens digitale formidling. Bidraga i tidsskriftet spring ut av eit seminar om temaet ved Holocaust-senteret i mars 2022. Initiativtakar til seminaret og redaktørar for tidsskriftet er AMF-professor Henrik G. Bastiansen og historikar og forfattar Carl Emil Vogt ved Holocaust-senteret i Oslo.

Blant bidraga i tidsskriftet er redaktørane felles innleiing: Henrik G. Bastiansen og Carl Emil Vogt: "Innledning: mediene, offentligheten og Holocaust". Førsteamanuensis Thomas Lewe, AMF, har bidrege med artikkelen:

["Visuelle perspektiver og utfordringer i formidlingen av Holocaust"](#). I same tidsskriftet har Bastiansen også publisert ein artikkel om eit anna tema: "Fjernsynet fyller 100 år: Hvordan kan vi utforske en så omfattende TV-historie?". [Tidsskriftet er tilgjengelig i pdf-format \(heile spesialutgåva\)](#).

Stavenæs Refvik og Opsal: Meir programmering - betre i matematikk?

[Stipendiat Kim André Stavenæs Refvik](#) og [fyrsteamanuensis Hilde Opsal](#), AHL/real FAG, har publisert artikkelen ["Do Optional Programming Courses Affect Eighth-Grade Students' Mathematical Problem Solving?"](#) i tidsskriftet Computers at the Schools. I artikkelen undersøker dei kva effekt valfag programmering har for elevar i matematisk problemløysing. Resultata bidrar til drøftinga om problemløysing i algoritmisk tenking og programmering, og korleis dette påverkar i matematisk problemløysing.

Stavenæs Refvik har bidrege i bok: "Mathematical Comptencies in the Digital Era"

[Stipendiat Kim André Stavenæs Refvik](#), HVO, har saman med Andreas Lindenskov Tamborg (Universitetet i København) skrive kapitelet ["Coordinating Mathematical Comptencies and Computational Thinking Practices from a Networking of Theories Point of View"](#) i boka [Mathematical Comptencies in the Digital Era](#) (Springer).

Med utgangspunkt i aktivitetar og oppgåver relatert til algoritmisk tenking (computational thinking practises) drøftar artikkelen korleis matematisk kompetanse kan bidra som støtte for elevar og kva moglegheiter denne koplinga gir elevane.

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

[Rådgivar ved Driftsavdelinga \(innkjøp\)](#) - søknadsfrist 15.2.2023

[Lærling i IT-driftsfag](#) - søknadsfrist 1.3.2023

[Førstekonsulent/seniorkonsulent på Avdeling for mediefag](#) - søknadsfrist 9.3.2023

[Professor / dosent / førsteamanuensis / førstelektor / høgskulelektor i samfunnsvitenskap](#) - søknadsfrist 10.3.2023

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

23.2.2023: [Teater: Eksamensframsyning](#), Nye Kaarstad

11.-25.2.2023: [Studentveka 2023](#), Rokken

28.2.2023: [French night](#), Rokken

3.3.2023: [Føredrag om Annie Ernaux ved forfattar Sandra Lillebø](#), Biblioteket

9.3.2023: [Høgskulestyret](#)

14.3.2023: [Seanse: Kunstnartreff](#), Henrik Kaarstad-huset

16.-17.3.2023: ASH Avdelingsseminar

23.-24.3.2023: [Skuleleiarkonferansen](#), Molde

29.3.2023: Konsert med høgskulekoret

29.3.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket

30.4.2023: [Næringskonferansen for Søre Sunnmøre](#), Ørsta

20.-23.4.2023: [X2-festivalen](#)

11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar

26.4.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket

3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)

4.-7.5.2023: [Den norske dokumentarfilm-festivalen](#)

25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO

31.5.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket

31.5.-1.6.2023: AMF Avdelingsseminar

15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

Hausten 2023:

1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar

15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)

[Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)

7.9.2023: [Høgskulestyret](#)

[Animation Volda](#)

26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)

7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Våren 2024:

7.3.2024: Høgskulestyret

8.5.-9.5.2024: Høgskulestyret (styreseminar og styremøte)

30.6.2024: Høgskulestyret

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

23.2.2023: [Norskopplæring for internasjonale tilsette](#)

12.2.2023: [Vekerevnen: "På feil fest" var heilt rett fest!](#)

8.2.2023: [Færre førstekompetente på HVO – men framtida ser lovande ut](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[Finn-ein-forskar](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg](#)

[Fjordkonferansen](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget \(Berte Kanutte-huset\)](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

[Nye bøker i HVO-biblioteket](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)